

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 19.10.2005
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Hans Stenby
Saka gjeld: **Korridorpasientar ved Sandviken Sykehus – Helse Bergen HF**
Styresak 85/05 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Styremøte 27.10. 2005

Helse Vest RHF fekk i brev av mars 2005 frå Statens helsetilsyn pålegg om å rette på tilhøva ved korttidspostane ved Sandviken sykehus i Helse Bergen HF.

Ein oppdatert handlingsplan blei sendt til tilsynet i brev av 29.03.05. Tilsynet tok tiltaka frå Helse Vest til etterretning og ville avvente korleis dei tiltaka det var gjort greie for i brevet ville betre situasjonen.

Helse Vest har i samarbeid med Helse Bergen frå og med mai 2005 rapportert månadleg på belegg og korridorpasientar og på iverksetting av tiltaka i handlingsplanen.

Mellom anna på grunn av den lange forhistoria til denne saka (overbelegg og korridorpasientar har vore eit problem ved Sandviken i mange år) har saken vore særleg fokusert på frå tilsynets si side.

Tilsynet ba såleis om eit møte med styret i Helse Vest RHF. Dette møtet blei gjennomført 30. september 2005 og styreleiar, administrerende direktør og fagdirektør møtte frå Helse Vest. Tilsynet gav i møte uttrykk for skepsis til om Helse Vest var i stand til å rette på tilhøva gjennom den handlingsplan som var lagt og bot blei nemnt som ein mogleg sanksjon.

Det var semje om at Helse Vest skulle gi ein særleg tilbakemelding på nokre forhold etter møtet. Dette er gjort i vedlagte brev, dagsett 07.10.05 (sendt 12.10.05). I brevet er det gjort greie for oppfølging og iverksetting av tiltaka. Det går og fram av brevet at dei tyngste tiltaka i handlingsplanen nå er sett i verk, og dei vil få effekt i frå byrjinga av oktober 2005.

Utviklinga i dei fyrste vekene i oktober viser svært begrensa bruk av korridorsenger og Helse Bergen orienterer i brev av 11. okt. om at dei no har kontroll med situasjonen og at korridorsenger ikkje vil bli nytta frå og med 12. oktober 2005.

Helse Vest har difor meldt tilbake til Statens helsetilsyn at ein no har tillit til at det er lagt eit grunnlag for varig endring, som gjer at pasientane ved korttidspostane kan få eit tilbod som klart er innanfor ramma av forsvarlig helseteneste.

Vedlegg:

Brev til Statens helsetilsyn, dagsett 07.10.05 - Korridorpasienter ved Sandviken sykehus
Helse Bergen HF – oppfølging av møte med Statens helsetilsyn